

MARS 2016
KVAM HERAD

NORHEIMSUND AKTIVITETSPARK

SKISSEPROSJEKT

PROSJEKTSKILDRING MED ENKELT KOSTNADSESTIMAT

KVAM HERAD



OPPDRAGSNR.

A074616

DOKUMENTNR.

1

VERSJON

Rev 1

UTGIVELSESDATO

09.03.2016

BESKRIVELSE

UTARBEIDET

Askild H. Nilsen /
Anette Flesjø

KONTROLLERT

Askild H. Nilsen
Jofrid Fagnastøl

GODKJENT

Askild H.Nilsen

INNHALD

1	Prosjektskildring	6
1.1	Intensjon	6
1.2	Innhald	6
2	Kostnadsoverslag	9

1 Prosjektskildring

1.1 Intensjon

Norheimsund vann Statens pris for attraktiv stad i 2013, og vil no vidareutvikle kvalitetane i tettstaden. Eit sentrumsnært aktivitetsområde i Norheimsund skal revitaliserast. Området ligg nær både bustader, barneskule, barnehage, kyrkja med opparbeida parkområde og naturen. I tillegg vil sannsynlegvis ein ny vidaregåande skule liggja i nærområdet. Etter gjeldande reguleringsplan skal området nyttast til idrett og allmenne føremål, der ynsket er å byggja ein aktivitetspark. Aktivitetsparken er ynskt som eit tilskot til tettstaden, også sett i eit folkehelseperspektiv.

Ei arbeidsgruppe med representantar frå ulike idrettslag og Kvam Herad har arbeidd med innhaldet i aktivitetsparken. Det var i mai 2015 arrangert eit ope folkemøte der heradet tok imot innspel til utvikling av parken.

COWI as har vore engasjert av Kvam Herad til å lage eit skisseprosjekt for aktivitetsparken. Skisseprosjektet foreslår eit overordna grep for utforming av parken, med plassering av soner for ulike aktivitetar, og skal vere eit utgangspunkt for ei vidare prosjektering av parken.

1.2 Innhald

Skisseprosjektet legg opp til eit mangfald av aktivitetar, for å leggja til rette for ulike brukargrupper. Ved å ha eit område med både organiserte og uorganiserte aktivitetar, kan området sikrast aktivitet kveldstid så vel som dagtid, og vere ein stad med høg brukstid. Planen legg opp til fleirbruk av området, og blanding av organisert og uorganisert bruk. Slik kan både gamle og unge, spreke og skrøpelege, elite og amatørar samla seg her, både seint og tidleg.

Skisseplanen viser eit potensiale for å inkludere heile Orrehaugen i utviklinga av aktivitetsparken. Ved å tilretteleggja for ein auka bruk av naturen/ skogen i Orrehaugen, får ein ei god blanding av natur-, og parklandskap, idrett og leik i aktivitetsparken.

Skissa legg opp til ein stor grad av fleksibilitet i utviklinga av aktivitetsparken. Gjennomgåande gangliner fungerer som strukturerande element, og mogleggjer ei gradvis utbygging av aktivitetane som er foreslått plassert i parken.

Det er vist gode gangliner i parken. Desse er planlagt i samanheng med eksisterande gangvegnett, som forbindelsesliner til fjells, til sentrum og til barnehagar og bustadområde. Slik er aktivitetsparken knytt godt saman med omgjevnadane. Målpunkta og området utanfor planområdet er tatt omsyn til ved plassering av gangvegar gjennom parken. Parken blir ein stad med trygge bindeliner og gang- og sykkelvegar kan utviklast til å vera innbydande rom å bruka i seg sjølv. Det er ein tanke at barn og unge sjølv skal kunne ta seg fram til aktivitetsområdet, og gje auka liv etter skuletid og i barna si fritid.

Plassar å møtast

Etableringa av aktivitetsparken vil gjere at dette er ein plass å møte andre. Med ulike program får ein fleire arenaer for aktivitet. Dette gir fleire kryssingspunkt der brukarane kan treffa kvarandre.

Parken tilbyr fleire sitjeplassar, og opningar med grønne grasplenar kan innby til leik og opphald. I tillegg er det teikna inn fleire samanhengande benker, der utforminga kan bidra til å møtast. Dei sosiale møtestadane kan få folk til å møtast og dermed bruke området meir – slik at det vil vera kjekt å kunne gå til området også berre for å treffe andre.

Bygg

Det eksisterande klubbhuset er tatt med i planen. I tillegg er det vist forslag til plassering av mogleg framtidig klubbhus. Dersom det eksisterande fotballklubbhuset skal rivast, er planen fleksibel nok til at området kan nyttast til andre aktivitetar.

Materialbruk

Skissa legg opp til ein enkel materialbruk, der dei større områda i parken er vist med grasareal, og gangliner med grusdekke. Leikeplassar er vist med falldekke i gummi, og i ungdomsområda er det stadvis vist betong. Materialbruk passar til bruken av staden, og til staden sine omgjevnader, og det vert lagt opp til å vidareføre det grønne preget i Norheimsund.

Aktivitet og program

- › Ny kunstgrasbane - fotballbanen er plassert nord i området, og er teikna etter standard storleik som spesifisert i Kyrkje- og kulturdepartementet sin rettleiar "Kunstgrashåndboka".

- › Friplass – sør i området er det teikna inn ein friplass, etter spesifisert storleik frå Kulturdepartementet sine sider. Denne skal fungere som ein introduksjonsarena til friidrett og har ein løpebane på 200 meter. Det er vist lek inne i friplassen, men her kan det og etablerast meir friidrettsretta aktivitetar som til eksempel grop til lengdehopp.
- › Leikeplassar - det er lagt opp til fleire avgrensa soner for lek, både sandlek, vasslek, og leikeplassar tilpassa både store og små barn. Trampoliner og anna utstyr gjev utgangspunkt for aktiv lek.
- › Ungdomsområde – det er føreslege to område til aktivitetar for ungdom i aktivitetsparken. Planen legg opp til ein fleksibel utnytting av områda, men her er vist både ein betongkonstruksjon til skating og tilrettelegging for klatring og meir parkour-retta installasjonar.
- › Skogsområde – Orrhaugen er tilrettelagt med skogssti og opningar i skogen, bål plass, lavvoplass og ein utkikksplass med utkikkstårn, der ein kan sjå Folgefonna og har oversikt over området.
- › Joggeløyper – det er vist potensialet for å etablere både ei 800- meters joggeløype rundt Orrhaugen, og ei 400 – meters løype.
- › Vaksentrim – i tilknytning til joggeløypa er det vist område for vaksentrim. Her er det etablert apparatar for å trene. Det kan etablerast fleire små «trim-stasjonar» langs joggeløypa rundt Orrhaugen.

Utforminga av skisseplanen er grunnlag for vidare detaljering. Val av leikeapparat og anna utstyr er ikkje prosjektert i skisseplanen. Det er vist standard leikeplassutstyr, frå leverandørar av slikt utstyr.

2 Kostnadsoverslag

Alle areal som nyttast i overslaget, er henta ut i frå dei digitale teikningane for aktivitetsparken. Ein kan difor rekna med at storleiken på areala er riktige.

Prisane vi har nytta her, er snittprisar COWI har fått inn frå to ulike barnehagar i Oslo hausten 2016. Det er ikkje tatt høgde for ulike priser i ulike deler i landet.

Prisane for leikeutstyr er henta frå leverandørens eiga heimeside. Alle prisar er utan mva.

Kva vi har rekna inn i kostnadestimatet kan ein sjå av tabellen og oppstillinga i estimatet. Sidan skisseprosjektet legg opp til ei vidare detaljering, er det ikkje regna ut kor mykje av eksisterande terreng som må sprengast vekk. Kostnadar til sprenging vil koma i tillegg.

Vi har erfaringstall i retning av at summen er rettleiande med tanke på storleiken på anlegget, og innhaldet i aktivitetsparken med mange ulike aktivitetar.

Kostnadsoverslag				
	mengde	enhet	enhetspris	sum
STIER, grusdekke				
Priser inkludert inkl. fiberduk, forsterkningslag og bærelag				
Utsjaktning ca. 40cm, opplasting og bortkjøring	1 783	m ²	110	196 130
1,8m bred sti, lengde 991m	1 783	m ²	1 500	2 674 500
Belysning, parkarmatur/pullert for hver 15m	66	stk	15 000	990 000
SUM STIER				3 860 630
TURLØYPER, grusdekke				
Priser inkludert inkl. fiberduk, forsterkningslag og bærelag				
Utsjaktning ca. 40cm, opplasting og bortkjøring	514	m ²	110	56 540
1,5m bred skogssti, lengde 343m	514	m ²	1 500	771 000
Belysning, parkarmatur/pullert for hver 15m	23	stk	15 000	345 000
SUM TURLØYPER				1 172 540
VEIER, grusdekke				
Priser inkludert inkl. fiberduk, forsterkningslag og bærelag				
Utsjaktning ca. 40cm, opplasting og bortkjøring	636	m ²	110	69 960
3m bred sti, lengde 213	636	m ²	1 500	954 000
Belysning, parkarmatur/pullert for hver 15m	14	stk	15 000	210 000
SUM VEIER				1 233 960

LEKEPLASSER				
(Forberedende arbeider = utsjaking ca. 40cm, opplasting og bortkjøring)				
Forberedende arbeider; Asfalt	963	m ²	110	105 930
Forberedende arbeider; Grusarealer	822	m ²	110	90 420
Forberedende arbeider; plasstøpt gummi	651	m ²	110	71 610
Forberedende arbeider; fallsand	1 238	m ²	110	136 180
Forberedende arbeider; sandkasse	117	m ²	110	12 870
Forberedende arbeider; naturstein/gatesten (under vannlek)	71	m ²	110	7 810
Sandkassekant	42	m	1 500	63 000
Belegg; Asfalt	963	m ²	600	577 800
Belegg; Grus	822	m ²	800	657 600
Belegg; Plasstøpt gummi	651	m ²	1 300	846 300
Belegg; Fallsand	1 238	m ²	250	309 500
Sandkassesand (byggbar sand)	117	m ²	200	23 400
Trampoliner (plassert over grube) komplett m/fundament og montering	5	stk	25 000	125 000
Lekeutstyr fra Kompan, se:				
www.kompan.no				
GSP1011 Trekanttårn med 3 aktiviteter	4	stk	83 140	332 560
GSP1023 - Space tårn	1	stk	72 310	72 310
GSP3007 – Enterprise	1	stk	235 270	235 270
GXY941 – Aldebaran	3	stk	189 270	567 810
KPL803 – Pyramidenett	2	stk	54 930	109 860
KSW90030-0902 - Huskestativ furu inkl. seter, H=2.0m stålfundament	1	stk	19 110	19 110
M128 – Firklover	1	stk	8 750	8 750
M326 - Aladdins Hule	3	stk	34 380	103 140
M410 – Lekehus	1	stk	26 510	26 510
NAT821 – Klatrevegg	2	stk	22 160	44 320
Klatrekube	1	stk	20 000	20 000
Montering av lekeutstyr fra Kompan:				
Erfaringen tilsier at prisen nesten dobles for hvert enkelt lekeapparat. Runder ned		stk	Rundsum	1 000 000
Sum lekeutstyr: 1.539.640,-				
Vannlek	1	stk	Rundsum	100 000
Belegg; naturstein/gatesten (under vannlek)	71	m ²	1 500	106 500
Treningsapparat voksne	15	stk	15 000	225 000
Parkour-stativ fra Elverdal	1	stk	132 000	132 000
Taubane liten	1	stk	100 000	100 000
SUM LEKEUTSTYR				6 230 560

6 230 560

SKATEARENA					
(Forberedende arbeider = utsjaking ca. 40cm, opplasting og bortkjøring)					
Forberedende arbeider; Plasstøpt betong (armert, og børstet overflate)	1 240	m ²	110	136 400	
Belegg/overflate; Plasstøpt betong (armert, og børstet overflate)	1 240	m ²	1 200	1 488 000	
Skaterampe					
Skråning som tar opp høydeforskjell, 60m (armert, og glattet/polert overflate, avrundet metall-list i kanter.)	182	m ²	2 500	455 000	
SUM SKATEARENA				2 079 400	2 079 400
KUNSTGRESSBANE					
Priser inkludert inkl. fiberduk, forsterkningslag og bærelag (Forberedende arbeider = utsjaking ca. 40cm, opplasting og bortkjøring)					
Forberedende arbeider; kunstgressbane	2 820	m ²	110	310 200	
Forberedende arbeider; asfalt	546	m ²	110	60 060	
Belegg; Kunstgressbane	2 820	m ²	250	705 000	
Belegg; asfalt	546	m ²	600	100 000	
SUM KUNSTGRESSBANE				1 175 260	1 175 260
LØPEBANE					
(Forberedende arbeider = utsjaking ca. 40cm, opplasting og bortkjøring)					
Forberedende arbeider; løpebane (gummidekke)	945	m ²	110	103 950	
Løpebane (gummidekke)	945	m ²	500	472 500	
SUM LØPEBANE				576 450	576 450
VEGETASJON					
Felling av trær, opptak av stubbe og bortkjøring. (ant. ikke detaljert – anslag)					
Parktrær	20	stk	3 500	70 000	
(Omkrets 12-14cm 1,5m over bakken, ca. 3-4m høye, inkl. jord og midlertidig oppbevaring)					
Trær til planting i skog (bar-rotplanter, "pisk" ca. 30cm høye)	30	stk	150	4 500	
Gress/gressbakke (Sådd sportsplen)	4 968	m ²	80	397 440	
Buskfelt	232	m ²	1 000	232 000	
SUM VEGETASJON				1 078 940	1 078 940
ANNET					
Benk (lange benker i uteanlegget) (understell av plasstøpt betong, med trespiler i sete – understell bygges i hht le					
Avfallsbeholdere: (ant. ikke detaljert – anslag)	10	stk	15 000	150 000	
Lavvo	1	stk	Rundsum	35 000	
Stor med vedovn, fra f.eks Tentipi Safir 7 lett. www.tentipi.no					
Bålplass. Kulesten og benker av stokker. Plassbygget.	1	stk	Rundsum	20 000	
Utsiktstårn. Trekonstruksjon, plassbygget	1	stk	Rundsum	200 000	
SUM ANNET				652 100	652 100
TOTAL					18 059 840

